



Medisinsk Teknisk Forening

LANDSMØTE PÅ VOSS 11. – 13.MAI 2011.

Innbyding til landsmøte

MTF sitt årlege landsmøte vert i 2011 halde på Voss frå 11. til 13. mai. Landsmøtet vert arrangert på tradisjonelt vis med føredrag, utstillarar, sosial utflukt og festmiddag. Hovudarenaen vert Park Hotel Vossevengen, som saman med Fleischers Hotel og Hotel Jarl utgjør overnattingstilbodet.

Medisinsk Teknisk Forening ønskjer med dette å invitera Dykkar firma til å delta med utstilling.

Landsmøtet er ein av dei viktigaste møtestadane for det medisinsk-tekniske miljøet i Noreg, der ny teknologi, kunnskap og røynsle kan presenterast og utvekslast. Som tidlegare, vil det vera ein sesjon for medisinsk teknikk, og ein for behandlingshjelpemidlar.

UTSTILLING OG PRISAR:

Me har reservert om lag 400 m2 utstillingslokale i direkte nærleik til konferansesalen. Lokala vil gje god eksponering av utstillarane. Vår samarbeidspartnar, EkstremUtvikling, og Park Hotel vil kunna dekkje behovet for bord og stolar, medan skiljeveggar/bakveggar må skaffast av den einskilde.

Pris for utstillingsarealet er **kr 2550 pr. m2 eks. mva.**

Det vert planlagt utstillingsplassar med grunnstørrelse 2 x 2m og oppover, og ved påmelding må ein tinga antal løpemeter, og notere under Merknad ønsket plassering. Prisen inkluderer 1 person, med tilgang til føredrag, kaffi, frukt og kaker. For andre ønskjer og behov kan ein kontakta EkstremUtvikling via post@ekstremutvikling.no. Ved fleire deltakarar frå same firma, melder dei seg på som utstillar.

PÅMELDING:

Påmelding gjer ein på www.medisinstekniskforening.no, både for utstillarar og deltakarar. Informasjon om prisar og innhald går fram av påmeldingsskjemaet.

SPONSING:

Det er lange tradisjonar for å sponse MTF sine landsmøter. MTF vonar at de og ved dette landsmøtet har høve til å bidra, slik at kostnadane vert haldne på eit akseptabelt nivå.

Hovudsponsor:

Prioritet ved val av utstillingsplass, logo på namneskilt, logo på kvar side i lokal programfoldar, høve til profilering i møtesalane og høve til logo på profileringsprodukta.

Det er høve til å støtte:

- **Fallskjermoppvisning der hopparane kan hoppe med bedrifta sitt flagg/banner.**
- **Deltakar-T-skjorte med bedrifta sin logo sær s ynleg.**

I tillegg kan hovudsponsor nytta seg av same tilbodet som for andre sponsorar (sjå under). Pris i samsvar med innhald og omfang.

Sponsorar:

Annonseplass i lokal programfoldar og logo på profileringsprodukt.

I tillegg høve til å støtte:

- **Ein eller fleire føredragshaldarar; Jarle Trå, Ingvard Wilhelmsen.**
- **Gåver til føredragshaldarar.**
- **Kaffipausar.**
- **Fruktservering.**
- **Fallskjermoppvisning der hopparane kan hoppe med bedrifta sitt flagg/banner.**
- **Underhaldning under opning, sosial utflukt eller avslutning.**
- **Sosial utflukt eller festmiddag.**
- **Deltakargåve; ei pakke med lokal mat.**
- **Andre framlegg og ønskjer kan diskuterast med arrangør.**

Detaljert avtala mellom utstillar og arrangør. Pris i samsvar med innhald og omfang.

Annonserar:

Annonseplass i lokal programfoldar.

- **1/1 side kr 4000 eks.mva.**
- **1/2 side kr 2000 eks.mva.**

Profil-/Reklameprodukt:

Her er me opne for framlegg frå firma.

Aktuelle gjenstandar kan vere namneskilt, "give aways", deltakarmapper, deltakarvesker/-sekkar m.m. Arrangør har kontakt med leverandørar av slike produkt, og kan om ønskeleg skaffe tilbod.

For spørsmål og/eller meir informasjon kan ein kontakta:

Svein Erik Burud, epost sveinerik@ekstremutvikling.no eller telefon 404 69 327.

Svein Medås, epost svein.medaas@helse-bergen.no eller telefon 992 04 060.

Venleg helsing

Medisinsk Teknisk Forening

Svein Medås

Leiar av arrangementskomiteen